

# SENIORGRUPPA I FØRDE

Helse- og omsorgsdepartementet,  
Kommuneavdelingen,  
Einar Gerhardsens plass 3,

0179 OSLO.

6800 Førde, 25.09.09

**Vedr:**

**Endringer i kommunehelsetjenesteloven.**

**Verdighetsgarantien - Høringsnotat.**

Regjeringa har lagt fram eit forslag til endring av kommunehelsetenestelova, som vert kalla Verdighetsgarantien. Innholdsmessig er det lite som skil denne "garantien" frå noverande lovverk. I kommunehelsetenestelova, § 21 av 19. november 1982, står det at "enhver har rett til nødvendig helsehjelp i den kommune der han eller hun bor, eller midlertidig oppholder seg". Det same står i det nye lovutkastet, men der er føya til "enhver har rett til et verdig tjenestetilbud når han eller hun har behov for det på grunn av sykdom, funksjonshemming eller andre årsaker".

Det er vanskeleg å sjå at det siste forslaget er meir forpliktande enn noverande lov. Dessutan er det fortsatt kommunane som definerar kva som er nødvendig helsehjelp. Verdighet kan neppe målast, og korleis skal ein kunne garantere noko som ikkje er målbart? Eldre pleietrengande kan ikkje "slå i bordet" med verdighetsgarantien og kreve betre omsorg. Så dette er ikkje ein garanti, men eit ynskje om verdighet. Og burde vi ikkje no vere komne så langt at dei eldre ikkje lenger må klare seg med gode ynskje og tomme løfter? Er det ikkje på tide at dei eldre hjelpetrengande på same måte som andre grupper, for eksempel barn og hjelpetrengande under 67 år, får lovfesta sine rettar? **Vi meiner følgjande må lovfestast og ikkje kamuflerast bak eit ynskje om "verdighet"**

- Sjukeheimplassar og omsorgsboligar til alle som ynskjer det.
- Avlastningsplassar på dagtid for demente og andre som treng det.
- Reelt rehabiliteringstilbod til dei som vert utskrivne frå sjukehus, eller av andre grunnar treng rehabilitering.
- Kvalitetsnorm og behandlingsstandard for eldreomsorg.

**Til § 3, Tjenestens innhold, i forslaget til ny forskrift om en verdig omsorg (Verdighetsgarantien) har vi følgjande merknader:**

Generelt meiner vi det er lista opp mange gode ynskje, utan at det er sagt noko om verken måltal eller dei ressursar som trengst for å oppfylle ynskja. Til enkelte av punkta har vi desse kommentarane:

- a) Korleis skal ein kunne sikre ei riktig og forsvarleg boform ut frå den enkeltes behov og tilstand, når det ikkje ein gong er lovfest at ein får ein stad å bu?
- b) Tilpassa hjelp til måltid er vanskeleg å oppnå, når det ikkje finst bemanningsnormer som sikrar nok personale.
- c) "Et mest mulig normalt liv, med normal døgnrytme og adgang til å komme ut" kan ikkje gjennomførast når personalet berre har tid til mat og bleieskift.
- e) "Lindrende behandling og en verdig død" kan ikkje oppnåast når f. eks. ein institusjon berre har legehjelp 2 timar ein dag i veka.

- f) "Å bevare eller øke sin mulighet til å fungere i hverdagen" Dette er vel eit av dei største problema i eldreomsorga. Dei eldre får verken habilitering eller rehabilitering. Frå dag 1 på sjukeheimen blir dei sittande eller liggande, ja, ikkje eingong ein gåtur på gangen blir det tid til..
- g) Til "Faglig forsvarleg oppfølging av lege" har vi same merknad som til pkt. e). Det må skje ei betydeleg opptrapping av legedekninga før forsvarleg oppfølging er mogeleg.

Vi vil understreke at det ikkje er gode ynskje og honnørord vi treng, når det gjeld dei hjelpetrengande eldre. Dei må få lovfesta sine rettar før det kan snakkast om ein verdig alderdom. Og til slutt vil vi sitere overlege Stein Husebø, som er ein av landets fremste spesialistar på eldreomsorg: "På stortinget er det fleirtal for en Verdighetsgaranti, men alt dette blir tomme anbefalingar som medfører minimal bedring. Vi trenger en rettighetslov for de sårbare og hjelpeløse"

Vi krev at Statsministeren held vallovnaden og at regjeringa gjer noko med dette omgåande..

For Seniograppa i Førde

*Dagunn Klakegg*  
Dagunn Klakegg, Elvevegen 5, 6800 Førde-

*Brynjulf Løen*  
Brynjulf Løen, Skyttarkvia 14, 6800 Førde.